

Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 26.04.2018
Vår ref.: 2017/17796-16
Saksbehandlar: jeaten
Dykkar ref.:

Eining for helsetenester v/Ingunn Øvretveit

Endringar i regelverket for Transportninga for funksjonshemma i Hordaland- gjeldane frå 01.07.2018

Endringar i regelverket for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland – gjeldane frå 01.07.2018.

Viser til høyringssaka som vart send til kommunane, brukarorganisasjonane og legenemnda dagsett 30.10.2017. Fylkesutvalet har i møte 11.04.2018 godkjent fylgjande endringar i reglementet for transportordninga.

Vedtak:

Fylkesutvalet vil presisere at dagens ordning med prioriterte grupper blinde/ sterkt svaksynte og rullestolbrukarar vert vidareført. For å oppfylle kravet til LDO om å ikkje diskriminere, må personar som fell utanfor gruppene, men som har eit reelt behov for å vere prioriterte, få søknaden sin individuelt behandla. Fylkesutvalet godkjenner fylgjande endringar i reglementet for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland.

1. Aldersskiljet ved 67 år for ordinære brukarar vert fjerna. Alle ordinære brukarar får ein årleg kvote på kr 5.500,-. Tiltaket vert sett i verk frå 01.07.2018 med halv effekt for 2018.
2. Bortfall av godkjenning ved flytting på institusjon fell vekk.
3. Reduksjon av kvote ved at ektefelle/sambuer er med i ordninga samt ved bil i husstanden fell vekk.
4. Minstealder for godkjenning vert sett til 10 år.
5. Aldersgrense for livsvarig godkjenning fell vekk.
6. Brukarar som har fått stønad til bil gjennom folketrygda får halv kvote.
7. Brukarar som får grunnstønad til transport får halv kvote.
8. Godkjenningsperioden vert auka frå 4 til 5 år.
9. Det vert opna for at ein kan gje eitt års godkjenning i særskilde høve
10. All sakshandsaming i transportordninga vert samla i Fylkeskommunen.

For kommunane inneber desse endringane at:

- a) Kommunen skal registrera og fullføre sakshandsaming for alle søknader som er motteke kommunen innan 01.07.2018 på vanleg måte. Avslag fattast hjå Hordaland Fylkeskommune som vanleg. Det vil seie at det vil verte ein overgangsperiode der kommunane har ansvar for å skrive godkjenningsvedtak på all påbyrja sakshandsaming også etter 01.07.18. *Dette gjeld alle søknader kommunen har motteke og registrert før 01.07.2018.*
- b) Alle nye og fornya søknader kommunane motteke f.o.m. 01.07.2018 skal vidaresendas til Samferdselsavdelinga hjå Hordaland fylkeskommune. I følgje punkt 10 i ny forskrift vert all sakshandsaming samla i Hordaland fylkeskommune etter at ny forskrift trer i kraft. Dette med unnatak av godkjenningsvedtaka som ligg hjå kommunane i overgangsperioden, jamfør punkt a) over.

Inga endringar i fastsetjing av kvoter frem til 01.07.2018:

Merk at kvoteendringar jamfør ny forskrift om transportordninga for funksjonshemma i Hordaland gjeld frå og med 01.07.2018. Gjeldande retningslinjer i ordninga, dagsett 01.10.2014 skal difor fylgjast fram til vedtak om ny forskrift for transportordninga trer i kraft, med unnatak av punkt 2 i den nye forskrifta. Punkt 2 gjeld bortfall av godkjenning ved flytting på institusjon: Det vil seie at vi ikkje tar bort brukargodkjenning dersom eksisterande brukara flytter på institusjon før 01.07.2018.

Merk og at punkt 5 som gjeld aldersgrense for livsvarig godkjenning fell vekk, men eksisterande brukarar over 80 år som har fått innvilga vedtak om livsvarig godkjenning før 01.07.2018 skal fortsatt ha livsvarig godkjenning etter at ny forskrift for transportordninga trer i kraft.

Kortprodusenten Idemia (tidlegare Oberthure) endrar alle nye kvotar automatisk ved kvoteskiftet. Difor skal kommunane nytte dei gjeldane kvotene ved registrering av alle søknader i TT2 frem til overgangsperioden. Det vil seie at de ikkje skal setje kvotar etter ny forskrift.. De vil få meir detaljar kring utforming av vedtaksbrev i overgangsperioden ved eit seinare tidspunkt.

Fylkeskommunen informerer alle eksisterande brukarar av ordninga med eit informasjonsskriv om ny forskrift primo juni. Legenemnda er allereie informert.

Eventuelle spørsmål kan rettast til samferdselsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune på telefon 55239363 eller på e-post- adresse samferdsel@hfk.no.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Jeanette Tennebekk
førstekonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.